

Åmund Starheim
Starheim
6777 STÅRHEIM

13.august 2015.

NVE, Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale frå Gnr. 83, Bnr.1 til Konesjonssøknad frå Stårheim kraft as.

Gnr.83, Bnr.1, har tidlegare sendt inn kommentarar til sak nr. 200900564-Registreringsnr. 5153 om utbygging av Stårheimselva. Reknar med dette fylgjer saka.

Bnr. 1 er einaste bruk på austsida av elva som har mjølkeproduksjon. Bruket blir sterkt berørt av rørgate og tilhøyrane adkomst på dyrka areal og i bruken av utmark.

Dersom det skulle bli slik at Stårheimselva blir utbygd, er det nokre punkt som er viktige for Bnr. 1:

1. Ved inntaksdammen mellom vegane og området elles er det tenkt lagerplass og forandring av terrenget. Bnr.1 treng tilgang med dyr til og frå Stårheimsdalen om sommaren og hausten. Mjølkekyrne blir henta heim i forkant av kalving i august og september.
- 2.I Skiftane v/sagbruket, er det beskrive ei natureng. Slik er det ikkje i dag. Arealet har vore brukt som beite og artsmangfaldet er sterkt redusert. Det er i dag likestilt med eit vanleg beiteareal. Dette syner vedlagte bilete tekne tidlegare i sommar. Ei rørgate bør leggjast parallelt med elva i nedste kant av dyrka areal på Bnr.1, og fylgje trassen til tidlegare vassverk.
3. Kraftstasjonen må ikkje byggjast i den lakseførande delen av elva slik det no er planlagt. Den lakseførande delen, anadrome sone, går til Keilshølen ca 1100 m frå sjøen. Bnr.1 har 271 m av den lakseførande delen. Bruket har nyleg bygd naust ved elveosen med utleige til tyske turistar. Tenkjer på sikt og utvikle dette med moglegheit til fisking i elva. Det er viktig å legge til grunn rapporten om fiske i Stårheimselva der det på tre stasjonar vart fanga 174 aurar og 92 laks. Etter Tussaskjønnet 1977, har alle grunneigarane motteke erstatning for den lakseførande delen frå sjøen til Keilshølen.

Stårheimselva er ei flomelv som kan vere nesten tørr i periodar. Tilstanden i elva er god, det viser fiskebestanden. Håpar dette kan vere eit bidrag til å bevare ei naturleg elv på Stårheim.

Mvh

Wenche H. Starheim Åmund Starheim

Wenche og Åmund Starheim
Gnr. 83, Bnr 1.



Bilde av den ovan førnemnde marka